



Valldal Idrettslag

Referat styremøte Valldal IL
Torsdag 28. januar 2021 kl 19.30
Klubbhuset – Omenås

Trond Håvoll, Ellisiv Jarvik, Anne Nygård og vara for Odd Lennart Vikene: Turid Løvoll

Fotball v/Solfrid Fjelstad
Friidrett v/Magne Eivind Glomnes
Ski v/Jan Ole Fuglem
Trim v/Oddbjørn Myklebust
DiskSPORT v/Richard Moen

Dagleg leiar Olav Løvoll

Forfall:
Odd Lennart Vikene

Sakliste -

1/21 Oppdatering frå gruppene, hovedstyret og dagleg leiar

- DiskSPORT: Ingen aktivitet. Håper å få gjennomført turneringar til sommaren
- Friidrett: Ingen aktivitet. Planlegging startar til våren
- Fotball: Det er opna for trening. Dei jobber med laginndeling til ny sesong og dispensasjonssøknader. Marius er vald inn i styret i fotballkretsen.
- Trim: Ingen aktivitet. Det vart ikkje noko nyttårsarrangement. Snart klart for å trekke.
- Ski: Lite snø og mykje korona. Bra aktivitet, men ein del fram og tilbake i høve arrangement. Storfjorcupen går greitt. Det er komme nye trakkemaskinkøyrarar.
- Hovedstyret: VIL har fått 53.000 i støtte frå kommunen.
- Dagleg leiar: Spørsmål frå Tafjord, eigen sak. Treng opplæring for å få klargjort for medlemskontingent. Kontordag på onsdag. Førebels er det berre ein person som har vore innom. Problem med å få oversikt over alle nøklane til huset. Dårleg trykk på vatnet på kjøkkenet.

2/21 Disponering av bankkonti

Iflg Valldal IL sine lover skal to personar godkjenne utbetalingar frå bankkonti. Dette har hittil ikkje vore gjennomført. Frå 2021 skal rutinar endrast slik at det no er to som godkjenner utbetalingar. Hittil har kasserar i gruppene hatt fullmakt til å disponere bankkonti. No må dette utvidast til også å gjelde gruppeleiarar. Også rekneskapsførarar må få fullmakt til å disponere alle driftskonti som tilhøyrer idrettslaget inkl gruppene.



Valldal Idrettslag

Vedtak: Valldal IL inngår avtale med Sparebanken Møre om Nettbedrift. Dette utløyer krav om to stegs godkjenning for belastning/uttak av konto.

Kasserarane får fullmakt til å godkjenne første gong. Gruppeleiarane og leiar for hovudstyret godkjenner andre gong. Leiar for hovudstyret får fullmakt til å godkjenne andre gong for gruppene i tilfelle gruppeleiar ikkje kan. Kasserar i hovudstyret skal vere administrator i Nettbedrift

3/21 Møteplan

Fastsetting av datoar for styremøter og årsmøter

Styremøter vert lagt til torsdagar

- Torsdag 25. februar
- Torsdag 18. mars
- Torsdag 15. april
- Torsdag 20. mai
- Torsdag 17. juni
- Gruppeårmøter veke 10 (8. – 12. mars)
- Årsmøte Valldal IL onsdag 24. mars

Vedtak: Møteplan vert godkjent. Dersom det ikkje er saker til behandling vert det ikkje styremøte. Plan for årsmøte for gruppene, frå måndag til fredag: Trim – Fotball – Ski – Friidrett – Diskspport.

4/21 Tafjord Connect AS

Tafjord Connect AS har fått ansvaret for utbygging av fiber i Valldal. Dette gjeld om lag 130 kundar. Valldal IL kan få oppdrag med å distribuere brosjyrer for Tafjord og marknadsføre tilbodet. Dette vil gje kr 250,- til idrettslaget for kvar avtale som Tafjord teiknar med abonnentar. Totalt kan dette gi i overkant av kr 30.000 til laget dersom alle potensielle kundar teiknar fiberabonnement.

Vedtak: VIL påtar seg dette oppdraget

5/21 Sommararrangement

Det er søkt om å arrangere både Mefjellet opp (27. juni) og Jordbærdilten (24. juli) i 2021. Styret må drøfte om det skal vere arrangement utover dette. Vi veit ikkje kva reglar og ev restriksjonar som vil gjelde til sommaren m.o.t. korona, men det kan ikkje vere til hinder for planlegging av ev arrangement.

Vedtak: Styret går inn for at desse sommararrangementa vert gjennomført så framti koronasituasjonen gjer det mogleg. På neste styremøte får vi diskutere om vi kan planlegge marknad eller marknadslotteri etter påske.